

Sjur Dyrkolbotn

Vår dato: 07.07.2023

Vår ref.: 201202001-42 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Sakshandsamar

Ole Per Schei

Dyrkolbotn kraftverk i Alver kommune - godkjenner revidert plan for inntak, ålepassasje og tilkomstveg, m.v

Vi viser til dykkar søknad om godkjenning av detaljplan for øvre del av vassveg, nytt inntak med ålepassasje og tilkomstveg til inntak for Dyrkolbotn kraftverk, datert 25.4.2023. Viser og til tilbakemelding på planen datert 3.5.2023 og til dykkar tilbakemelding datert 5.7.2023. Vidare viser vi òg til dykkar søknad om godkjenning av areal for mellomlagring av massar, datert 2.3.2023. Vi viser elles til vårt vedtak om godkjenning av detaljplan for miljø og landskap, datert 19.10.2020.

Vedtak

NVE godkjenner detaljplan for øvre del av vassveg, nytt inntak med ålepassasje, tilkomstveg til inntaket m.v, datert 25.4.2023, og plan for mellombels masselager datert 2.3.2023.

Vilkår for godkjenninga

- Det må til ei kvar tid kunne dokumenterast rutinar for ettersyn, drift og vedlikehald av løysinga som er vald for ålepassasje, og
- det må til ei kvar tid kunne leggest fram dokumentasjon på at løysinga fungerer.

Vi viser elles til vårt vedtak datert 19.10.2020 som gjeld fullt ut, utover endringane godkjent i dette vedtaket.

Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 11.11.2010, post nr 4.

Tilsyn

NVE vil følgje opp anlegget med inspeksjon.

Anlegget er både for planlegging, bygging og drift underlagt krav om internkontroll etter forskrift om internkontroll etter vassdragslovgjevinga (FOR 2011-10-28 nr. 1058 IK-vassdrag). Ved tilsyn på anlegget vil vi kontrollere at de har etablert eit internkontrollsystem etter forskrifta.

Vår handsaming av søknaden



NVE godkjende detaljplan for miljø og landskap i vårt vedtak datert 19.10.2020, med mellom anna slike vilkår:

- *Før arbeidet med inntak/inntaksområdet og vassveg ned til første vegkryssing tek til må det utarbeidast ein revidert detaljplan som viser ei vesentleg betre landskapstilpassa utforming. Planen må være godkjent av NVE før arbeidet her tek til*
- *Heile eller deler av utbyggingsområdet ligg innanfor aktsemdsområde skred i bratt terreng. Verksemda må difor syte for ei turvande fagleg vurdering av dette og avklare eventuelle tiltak før arbeidet i desse områda vert sett i gang*
- *Verksemda må kunne dokumentere at utløpet er plassert på same høgdenivå som utløpet frå Kjeldebekken kraftverk*
- *Nipo Kraft AS har i konsesjonsprosessen lagt til grunn at inntaket skal lyssettast av omsyn til ål. Videre har NVE skrive slik: Dersom dette viser seg å ikke være tilstrekkelig, kan NVE iht. dette vilkåret pålegge konsesjonær å iverksette andre tiltak for å sikre vandingsveier forbi inntaket til kraftverket. NVE ber m at verksemda gjennomfører ein fagleg vurdering knytt til dette og evt gjennomfører turvande tiltak knytt til Ål, utover lyssetting. Alle tiltaka må være tufta på faglege vurderingar. NVE ber om at de får utarbeidd ein fagrapport knytt til dette og der løysingar vert skissert og innarbeidd i planer for bygginga av inntakskonstruksjonen*

Detaljplanen

Dyrkolbotn kraftverk sin detaljplan datert 25.4.2023 er meint å svare ut og støtte vilkåra sett i vårt vedtak datert 19.10.2020, og som referert ovanfor.

Vi registrerer at Dyrkolbotn kraftverk oppfattar at det er sett krav om ei konkret løysing for ålevandring då de skriv slik: *Krav om lyssetting, som nå har blitt utvidet/erstattet av ytterligere åletiltak, fremstår i konsesjonen som et utpreget «føre-var» tiltak, utelukkende basert på én enkelt registrering av ål i artsdatabanken, høyere oppe i vassdraget.* NVE finn grunn til å presisere at kravet ikkje er endra, men at vi stiller krav til at vald løysing skal være godt fagleg forankra med dokumentasjon på at løysinga er fungerande etter føremålet.

Søkar har sjølv, i konsesjonsprosessen, beskrive lyssetting som tiltak for ål. I vårt vedtak om godkjenning av detaljplan datert 19.10.2020 har vi sett slikt vilkår: *Nipo Kraft AS har i konsesjonsprosessen lagt til grunn at inntaket skal lyssettast av omsyn til ål. Videre har NVE skrive slik: Dersom dette viser seg å ikke være tilstrekkelig, kan NVE iht. dette vilkåret pålegge konsesjonær å iverksette andre tiltak for å sikre vandingsveier forbi inntaket til kraftverket. NVE ber om at verksemda gjennomfører ein fagleg vurdering knytt til dette og evt gjennomfører turvande tiltak knytt til Ål, utover lyssetting. Alle tiltaka må være tufta på faglege vurderingar. NVE ber om at de får utarbeidd ein fagrapport knytt til dette og der løysingar vert skissert og innarbeidd i planer for bygginga av inntakskonstruksjonen*

Verksemda har sjølv vald å endre løysinga for ålepassasje.

Endringane som er omsøkt i brev datert 25.4.2023 er i hovudsak av teknisk art knytt til ålepassasje og betra landskapsmessige løysingar, og er av NVE vurdert til å ha marginal



betydning i høve opphavleg detaljplan godkjent, etter ordinær høyring, i vårt vedtak datert 19.10.2020. Søknad datert 2.3.2023 omfattar ei marginal utviding av areal for mellomlagring av massar og med mellombels arealbruk. Vi har soleis ikkje funne grunnlag for å sende saka på høyring. Sjå elles under pkt «Høve til å klage».

NVE har stilt fleire spørsmål til løysinga som er presentert i planen datert 25.4.2023 og har i korrespondansen fått følgjande tilbakemelding som vi finn grunn til å referere sidan dette er detaljar som har betydning for funksjonaliteten av vald løysing. Nipo Kraft AS skriv slik i e-post datert 23.5.2023:

- 1. «Vi har vurdert at vi kan legge rista horisontalt da Botnavatnet ligger rett oppstrøms inntaket og det meste av rusk og rask vil derfor stoppe i Botnavatnet. Det vil derfor ikke være så mye rusk som kommer ned til rista. En annen sak er at vi lager rista betydelig større enn vanlig slik at det vil gå lengre tid før den eventuelt tetter seg. Nå bor Sjur Dyrkolbotn på gården Dyrkolbotn, som ligger innenfor inntaket, slik at det er kjapt å reise bort (stikke innom) for å eventuelt renske rista. Vi har også tenkt at vi kan bygge opp nedre vegg slik at vi eventuelt kan justere ned denne og få litt fall på rista dersom det skulle vise seg nødvendig. Vi har derfor senket hele konstruksjonen tilsvarende en slik mulig justering i ettertid. Når det gjelder ålens vandring over en slik horisontal eller flatere rist så vil jo vannet de facto ha litt kortere avstand til å falle og dermed blir også hastigheten eventuell ål treffer rista med litt mindre om enn marginalt.*
- 2. Vi bekrefter at rista slipes slik at hjørnene er avrundet på både rist og betong.*
- 3. Vi har forlenget kanalen for at det skal bli mer volum i inntaket og vi har også diskutert løsningen med Hywer som sier at dette er ok. Mht dykking har vi benyttet beregninger og anbefalinger fra NVE sin veileder 2006-1 – «Inntakshåndboken», og gjort spesifikke beregninger for nødvendig dykking av inntaket. Dette tilsier en minimum dykking på 1,63 m mens vi har lagt opp til en dykking på 2,7 m. Dette harmonerer godt med erfaringer fra design av andre inntak fra tidligere.*
- 4. Når det gjelder terskelen nedstrøms demningen kan vi forsikre at denne blir laget av stabile masser. Det blir høyst sannsynlig sprengt litt forbi nedstrøms slik at dette nok blir en dam av fjell. Dersom denne ikke skulle bli tilstrekkelig vil vi måtte gjøre tiltak slik at dammen blir tilfredsstillende. Mht dybde så tar vi gjerne imot tips for dette.*
- 5. Vi har tidligere vurdert å benytte et arrangementet for minstevassføring som ålepassasje, men siden vi har et pålegg om varierende slipp av minstevassføring med hht 130 l/s om sommeren og 50 l/s om vinteren, må vi brukes en skyvespjeldventil for å regulere vannføringen. Siden det er lite ønskelig å benytte skyvespjeld pga ål, vil vi derfor nå foretrekke at minstevann det hentes direkte fra kummen under rista. Minstevassføringen blir dermed ikke brukt som ålepassasje. Til denne løsningen er det tilstrekkelig å benytte et rør med diameter $\varnothing 300\text{mm}$ og $0,13\text{ m}^3/\text{s}$ vil dette gi en vannhastighet om sommeren på $1,8\text{ m/s}$ og om vinteren med 50 l/s på $0,7\text{ m/s}$.*
- 6. For oppvandringen av ål, var det tenkt en skrå betong-platting som ålen kunne kravle opp. Vi kan enkelt implementere en tilsvarende løsning som vist på bilde 2*



under hvor det er en enkel metall-kanal med lokk helt inntil damveggen, som medfører en sikker oppgang for ål uten at predatorer vil kunne ta dem. Vi vil sikre en slik oppgangskanal med sikker vassføring som er uavhengig av vannstand. Utbygger mener det ikke er ål på inntaket og ønsker derfor å installere en tellekasse for å kunne se fakta rundt dette spørsmålet.»

Vurdering av flaum og skredfare

Vi viser herunder til vårt vedtak datert 19.10.2020.

Vurderingar etter naturmangfaldlova

Vi viser herunder til vårt vedtak datert 19.10.2020.

Vurdering av minstevassføringsarrangement, skilting og merking

Vi oppfattar ikkje at revidert plan har noko detaljert beskriving av endeleg løysing for slepp og logging av minstevassføring og forhold oss til at prinsippa følgjer planen som låg til grunn for vårt vedtak datert 19.10.2020. Vi vil ved seinare tilsyn på anlegget ha eit særleg fokus på at det er etablert ei best mogeleg teknisk løysing for slepp, logging og dokumentasjon av minstevassføring i tråd med vår rettleiar Slipp, måling og dokumentasjon av minstevassføring Nr 3/2020; [Veileder \(nve.no\)](https://nve.no).

Dersom det viser seg at godkjent arrangement for slepp og dokumentasjon av minstevassføring og omløpsventil ikkje oppfyller krav som er sett i vassdragskonsesjonen, kan vi krevje ombygging, jf. vassressurslova § 59.

Grunngjeving for særskilde godkjenningvilkår

Ei viktig føresetnad ved ei innretning som skal sikre opp- og nedvandring av ål er at løysinga vert turvande drifta og vedlikehalden. Vidare kan detaljar avgjere om løysinga fungerer og NVE har funne grunn til å setje vilkår knytt til drift og vedlikehald og til dokumentasjon i etterkant om at løysinga fungerer.

Forhold som de må avklare før arbeida kan ta til

Plan- og bygningslova

De må avklare med kommunen om tiltaket må ha dispensasjon frå gjeldande arealplan. Dette fordi det må vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel og gjeldande reguleringsplanar. Dette gjeld sjølv om tiltaket har fått konsesjon, og dermed er unnateke frå byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. forskrift om byggesak (FOR 2010-03-26-488 - byggesaksforskrifta) § 4-3 første ledd.

De må og syte for at tiltaket blir gjennomført i samsvar med plan- og bygningslova og tilhøyrande forskrifter. Dette gjeld særleg reglane i plan- og bygningslova om tekniske krav (§ 29-5), og krav til produkt til byggverk (§ 29-7) med tilhøyrande delar av byggteknisk forskrift. Desse gjeld så langt dei passar for tiltaket.

Forskrift om damsikkerheit

Vedtaket omfattar ikkje plan for sikkerheit ved vassdragsanlegg i konsekvensklasse 1 og høgare etter forskrift om damsikkerheit. Plan for sikkerheit (Teknisk plan) skal vere godkjent før de set i gang anleggsarbeida.



Naturførekomstar, landskapsområde og kulturminne

Vi viser herunder til vårt vedtak datert 19.10.2020.

Privatrettslege rettigheter

Vi viser herunder til vårt vedtak datert 19.10.2020.

Nødvendige godkjenningar etter anna lovverk

Vi viser herunder til vårt vedtak datert 19.10.2020.

Det skal sendast inn dokumentasjon til Alver kommune når anlegget er ferdig bygd

Vi viser herunder til vårt vedtak datert 19.10.2020.

Høve til å klage

De kan klage på vedtaket, sjå orientering om rett til å klage på siste side.

Med helsing

Kristian Markegård
direktør

Mari Hegg Gundersen
seksjonssjef

Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar

Mottakarliste:

Sjur Dyrkolbotn

Kopimottakarliste:

Einar Sofienlund

Signhild Dyrkolbotn

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

ALVER KOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	<p>Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket.</p> <p>Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.</p>
Du kan få grunngjeving for vedtaket	<p>Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.</p>
Kva skal med i klagen?	<p>Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du:</p> <ul style="list-style-type: none">• Skrive kva for vedtak du klagar på.• Skrive kva for eit resultat du ønsker.• Opplyse om du klagar innanfor fristen.• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. <p>I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</p>
Du kan få sjå dokumenta i saka	<p>Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.</p>
Vilkår for å gå til domstolane	<p>Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit.</p> <p>Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.</p>
Sakskostnader	<p>Dersom NVE eller OED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekkja vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.</p>
Kven kan klage på vedtaket?	<p>Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.</p>
Kvar skal du sende klagen?	<p>Du må adressere klagen til Olje- og energidepartementet (OED), men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til OED.</p>

Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.